



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Tore Larsen  
Telefon: 57 65 51 52  
E-post: tla@fmsf.no

Vår dato  
03.09.2010  
Dykkar dato

Vår referanse  
2009/571 - 432.2  
Dykkar referanse

Naustdal kommune  
Postboks 43  
6806 NAUSTDAL

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - fordeling av forvaltingsmidlar knytt til vernevedtaket i 2009

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde blei oppretta ved kongeleg resolusjon av 9.1.2009, og det blei i den samanhengen løyvd statlege investeringsmidlar som kunne brukast til forvaltings- og tilretteleggingstiltak i og rundt landskapsvernområdet.

Fylkesmannen tok hausten 2009 kontakt med kommunane i landskapsvernområdet for å få eit overblikk over behovet for midlar til tilretteleggings- og forvaltningstiltak. Ut frå desse første tilbakemeldingane blei midlane fordelte mellom kommunane, og det blei så gjennomført eit meir detaljert arbeid i kommunane for å spesifisere tiltak og finne fram til kostnadsnivå. Vi er svært takksame for den hjelpa kommunane har ytt i denne prosessen. Fylkesmannen har i stor grad følgd opp dei tilrådingane om bruken av pengane som har kome frå kommunane.

### Prioritering av tiltak

I nokre kommunar har behovet vore større enn tilgjengelege midlar, og i samråd med kommunane har vi derfor kome fram til eit sett med kriterium for prioritering av tiltak.

Følgjande tiltak er prioriterte:

- Tilrettelegging for allmenn bruk av landskapsvernområdet.
- Tiltak utanfor, men i grenseområda til verneområdet
- Tiltak i viktige innfallsportar til verneområdet
- Informasjonstiltak

Fokus på informasjon og tiltak utanfor vernegrensene har blitt styrka etter det første arbeidet med å finne fram til eigna tiltak. I samband med dei ekstraordinære løyvingane som følgde med opprettinga av verneområdet fann vi det naturleg å prioritere tiltak som har med tilkomst og tilgjengelegheit til verneområdet å gjere. Når forvaltninga av området har kome meir i gjenge, med forvaltingsplan på plass, er det naturleg med andre prioriteringar og meir fokus på tilhøve innanfor vernegrensene (ein kan da t.d. berre i liten grad rekne med midlar til vedlikehald av tilkomstveggar).

### Fordeling

Midlane er allereie overførte til kontoar i kvar enkelt kommune, ettersom dei ikkje kunne disponerast i 2009. Naustdal kommune har fått overført 300 000 kroner, med bakgrunn i kartlagde behov for tiltak knytt opp mot Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Vi har ut frå den same kartlegginga kome fram til følgjande fordeling på tiltak (tala viser til omtale i brev frå Naustdal kommune datert 4.12.09):

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 05  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
post@fmsf.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

1. Parkering: Opprusting av P-plassar ved Vonavatnet og Steinbakken:	80 000
2. Veg: Opprusting av veg Steinbakken-Vonavatnet:	205 000

I tillegg kjem oppsetting av informasjonsskilt ved desse innfallsportane til landskapsvernområdet:

Vonavatnet (ved P-plass, stativ)	7500
Steinbakken (ved P-plass, stativ)	7500

Frå Naustdal kom det inn framlegg til bruk av forvaltingsmidlar som tilsvarte 817 500 kroner. Det blei dermed ikkje mogleg å bruke midlar på alle ønskelege tiltak. Vi har prioritert dei som stod øvst på lista frå kommunen sitt møte med grunneigarane, og ikkje tatt med tiltak som gjekk på planlegging og prosjektering.

### Utbetaling

Fylkesmannen vil med dette be om at Naustdal kommune, med føresetnader som er nemnt under, fordeler følgjande beløp av forvaltingsmidlane til dei ulike prosjekta:

1. Parkering Vonavatnet og Steinbakken	80 000,-
2. Opprusting av veg:	205 000,-

Det går ikkje fram av informasjonen som er sendt inn, om det er grunneigarane eller kommunen sjølv som vil gjennomføre arbeidet, og om det eventuelt vil dreie seg om dugnadsarbeid. Dersom grunneigarane ønskjer å ta ansvaret for arbeidet, gjeld følgjande føresetnader for utbetaling:

- Halve beløpet kan betalast ut no, resten når Statens Naturoppsyn v/Rune Holen stadfester at det aktuelle arbeidet er kome godt i gang.
- Ein ansvarleg for kvart enkelt tiltak må utnemnast lokalt. Vedkomande må, før utbetaling kan skje, sende eit enkelt, underteikna brev til Fylkesmannen (med kopi til Naustdal kommune) der det går fram at han/ho tar på seg ansvaret for bruken av dei tildelte forvaltingsmidlane, og aksepterer å gjere følgjande seinast i løpet av november 2011:
  - Å sende Fylkesmannen ein enkel rapport med oversyn over kva midlane er brukt til, med kvitteringar for utlegg. Med rapporten skal det følgje bilete tekne før og etter gjennomføringa av arbeidet.
  - Å betale eventuelle ubrukne midlar tilbake til Fylkesmannen etter at tiltaket er gjennomført.
  - Å betale tilbake til Fylkesmannen beløp som det ikkje ligg føre dokumentasjon for bruken av.
- Eventuelle byggeløyve og nabovarsel må vere avklarte og i orden.

Tiltaka må vere gjennomførte før 1. november 2011.

Til oppsetting av informasjonsskilt om verneområdet er det sett av 15 000 kroner. Vi ber om at dette beløpet overførast konto som disponerast av SNO/Rune Holen (kontonummer vil bli ettersendt). Han vil gjennomføre oppsetting av informasjonsskilt i Naustdal-Gjengedal LVO.

Fylkesmannen og Statens Naturoppsyn tar ikkje på seg ansvar for vidare vedlikehald av dei objekta som midlane er fordelte til, eller utgifter knytte til dette.

Vedlagt følgjer eit skjema som kan brukast av dei ansvarlege personane til å halde oversyn over kvitteringar og fakturaer knytte til prosjektet.

Med helsing

Tom Dybwad  
seniorrådgjevar

Tore Larsen  
rådgjevar

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kopi (etter liste over deltakarar på Naustdal kommune sitt møte 3.12.09):

Atle Nes, Pb. 641, 6903 Florø

Olav Svoen, Svoa, 6817 Naustdal

Normund Svoen, Solheimlia 2, 6900 Florø

Kjell Klopstad, Hukset, 6817 Naustdal

Ole J. Grimset, Grimset, 6817 Naustdal

Odd Vonen, Furehaug, 6817 Naustdal

Marius B. Nes, Nes, 6817 Naustdal

Olav R. Fimland, Nes, 6817 Naustdal

Inge Svorstøl, Svorstøl, 6817 Naustdal

Sigmund Fimland, Fimland, 6817 Naustdal

Geir Lunde, Fimland, 6817 Naustdal

Gudmund Eimhjellen, Teigen, Fimland, 6817 Naustdal

Einar Eimhjellen, Teigen, Fimland, 6817 Naustdal

Statens Naturoppsyn v/Rune Holen, Kommunehuset, Grandavegen 9, 6823 Sandane

**Forvaltingsmidlar 2010**  
**Liste over utlegg (faktura/kvitteringar)**

Prosjekt:		
Ansvarleg person:		
Kva gjeld kvitteringa/fakturaen	Dato:	Beløp:

Sendast Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger saman med kvitteringar (evt. kopiar) når gjennomføringa av prosjektet skal rapporterast.